



STATISTIKK FOR BIBLIOTEK
OG MUSEUM **2006**

ABM-UTVIKLING
POSTBOKS 8145 DEP
N-0033 OSLO

TELEFON: 23 11 75 00
TELEFAKS: 23 11 75 01

POST@ABM-UTVIKLING.NO
WWW.ABM-UTVIKLING.NO

ISSN: 1503-5972
ISBN 82-8105-053-5

OMSLAG: BJØRN OUSLAND

TRYKK: PDC TANGEN AS
OPPLAG. 2 400

ABM-UTVIKLING 2007



241 379
Trykksak

INNHALD

FORORD	4
1. BIBLIOTEKSTATISTIKK 2006	6
1.1 HOVUDTREKK FRÅ FOLKE- OG SKULEBIBLIOTEKSTATISTIKKEN	6
1.2 HOVUDTREKK FRÅ FAG- OG FORSKINGSBIBLIOTEKSTATISTIKKEN	9
1.3 FIGURAR	10
TABELL 1: FOLKEBIBLIOTEK ETTER KOMMUNESTORLEIK	16
TABELL 2: FOLKEBIBLIOTEK ETTER FYLKE	19
TABELL 3: FOLKEBIBLIOTEK – KOMMUNAR	24
TABELL 4: FYLKESBIBLIOTEK	44
TABELL 5: MOBIL BIBLIOTEKVERKSEMD	46
TABELL 6: FENGSELSBIBLIOTEK	47
TABELL 7: BIBLIOTEK I VIDAREGÅANDE SKULE	48
TABELL 8: NORSK LYD- OG BLINDESKRIFTBIBLIOTEK	50
TABELL 9: FAG- OG FORSKINGSBIBLIOTEK	52
FORKORTINGAR TIL FAG- OG FORSKINGSBIBLIOTEKSTATISTIKKEN	62
2. MUSEUMSSTATISTIKK 2006	64
2.1 HOVUDTREKK FRÅ MUSEUMSSTATISTIKKEN	64
2.2 FIGURAR	67
TABELL 1: ADMINISTRATIVT ANSVAR OG SELSKAPSFORM	70
TABELL 2: ARBEIDSOMRÅDE	71
TABELL 3: STORLEIK OG OMFANG PÅ SAMLINGANE	72
TABELL 4: ARKIVMATERIALE	76
TABELL 5: OPNINGS DAGAR, TILRETTELEGGING OG TOTALT BESØK	77
TABELL 6: ENKELTBESØK, GRUPPEBESØK OG PRISAR	78
TABELL 7: BYGNINGAR OG UTSTILLINGAR	79
TABELL 8: INTERNETTILBOD OG OPNE MØTE	80
TABELL 9: PEDAGOGISK VERKSEMD OG SÆRSKILTE TILTAK	81
TABELL 10: ÅRSVERK	82
TABELL 11: KOMPETANSEUTVIKLING OG SAMARBEID	83
TABELL 12: SIKRINGS- OG BEVARINGSTILTAK	84
TABELL 13: ØKONOMI	85
NAMN PÅ DEI 100 MEST BESØKTE MUSEA I 2005	87

FORORD

Statistikkpublikasjonen for 2006 omfattar museum, folke- og fagbibliotek samt bibliotek i vidaregåande skuler. Totalt har vi fått utfylte skjema frå nærare 4200 institusjonar. Desse har rapportert for om lag 4700 einingar eller sørvis-stadar. Det har vore eit mål for ABM-utvikling å få ut statistikkpublikasjonen på eit tidlegare tidspunkt enn dei siste åra. Tabellar frå grunnskolestatistikken er ikkje med i publikasjonen i år, men vil bli lagde ut på heimesidene våre når dei er ferdig kvalitetssikra. Når det gjeld arkiv, har vi gjennomført eit stort kartleggingsarbeid. Resultata er presentert i ABM-skrift #40, *Til kildene! Kartlegging av regionale og lokale arkiver*.

Innsamling og vidare bearbeiding av statistikken har som tidlegare år vore eit samarbeidsprosjekt mellom ABM-utvikling, Statistisk sentralbyrå og institusjonane som sender inn statistikk. Statistikken frå 2006 blei samla inn våren 2007. Nokre få institusjonar har levert statistikk via e-post og papir, elles er alle data samla inn ved hjelp av web-skjema. Det har vore få endringar i spørsmåla i forhold til året før, og oppsettet i publikasjonen følgjer stort sett same mal med fylkesvise tabellar og nøkkeldata frå ein-skilde kommunar og institusjonar. Det er etablert arbeidsgrupper for både museums- og bibliotekstatistikk, med representantar både frå brukarar og Statistisk sentralbyrå. Dette er eit fruktbart samarbeid som vil føre til fornying og forbetring av spørsmåla.

Ved hjelp av tabellar forsøker vi å stilla saman

eit representativt bilete av bestand, aktivitet, besøk, årsverk og økonomi i dei institusjonane som har registrert statistikk. Vi veit at statistikken blir mykje brukt av alle som har interesse for og arbeider for ei god utvikling av norske museum og bibliotek. Tala er ein viktig del av den norske kulturstatistikken. Vi ønskjer å rette takk til Statistisk sentralbyrå og fylkesbiblioteka for godt samarbeid, tålmod og gode råd. Samstundes retter vi ei stor takk til alle bibliotek og museum som har brukt tid til å registrere og samanstill informasjonen slik at den passer inn i våre skjema, og håper denne publikasjonen kan vere ei interessant tilbakemelding.

Oslo, juni 2007

Jon Birger Østby, DIREKTØR

Leikny Haga Indergaard, AVDELINGS DIREKTØR

Erlend Ra, RÅDGJEVAR

Karen Marie Ellefsen,
SENIORRÅDGJEVAR

Thor Arne Landsverk,
SENIORINGENIØR

Tertit Knudsen, RÅDGJEVAR



Illustrasjon, Øyvind Torseter.

BIBLIOTEKSTATISTIKK 2006

Hovudtrekk frå folke- og skulebibliotekstatistikken

Folkebibliotek

Etter samanslåing av kommunane Vindafjord og Ølen, og Tustna og Aure 1. januar 2006, var det 431 hovudbibliotek i landet. Med unntak for Tønsberg og Nøtterøy som driv bibliotek saman, har kvar kommune sitt eige bibliotek, med hovudbibliotek og filialar. Nedgangen i filialar held fram, og om ein ser bort frå dei mobile biblioteka, var det til saman 815 folkebibliotekavdelingar i 2006, hovudbibliotek inkludert. Dette var 17 færre enn året før. Nær ein tredel var kombinasjonsbibliotek med skule, og 93 prosent av kombinasjonsbiblioteka var i samarbeid med grunnskule. Biblioteka leverer samla statistikk for hovudbibliotek og filialar i kommunen, og alle kommunane har levert statistikk.

Det var 2573 tilsette i folkebiblioteka, og av desse var 1157 heiltidstilsette. Til saman utførte dei 1773 årsverk, det same som året før. Ein skal vere merksam på at kommunane fører stillingar knytt til reinhald, vaktmeistertjenester m.m. ulikt. Denne kategorien tilsette sto for 78,5 av dei rapporterte årsverka. Biblioteklova stiller krav til fagutdanna biblioteksjef, og 293, eller om lag to tredeler, av biblioteka hadde fagutdanna biblioteksjef. Samla var det 1088 personar med full bibliotekarutdanning som jobba i folkebiblioteka, og dei stod for 52 prosent av årsverka i 2006.

Opningstid

Sjølv om det har vore ein nedgang i talet på filialar, har auken i den gjennomsnittlege opningstida for hovudbibliotek og filialar også gitt ein auke i det samla timetalet biblioteka heldt ope per veke.

271 bibliotekavdelingar var opne på laurdagar, fem fleir enn i 2005, og av desse var 217 hovudbibliotek. 13 hovudbibliotek og to filialar heldt ope på søndagar. Samla er det ei dobling av talet på søndagsopne bibliotek frå 2005.

Økonomi

Ein skal vere varsam med å samanlikne driftsutgiftene til folkebiblioteka frå eit år til eit anna, og ikkje minst med å samanlikne ulike bibliotek. Det skjer endringar i korleis kommunane fører til dømes husleige og utgifter til reinhald og vaktmeistertjenester, og det er skilnader mellom kommunar når det gjeld korleis dette blir ført. Det kan og vere skilnader i korleis meirverdiavgift er registrert.

Tala for brutto driftsutgifter i statistikken er lågare enn dei reelle, fordi ikkje alle bibliotek leverer tal for husleige. Det var berre 172 bibliotek som rapporterte tal for husleige for 2006. I statistikken manglar det og rekneskap for eit bibliotek. Dei samla rapporterte brutto driftsutgiftene var på 1 137 millionar kr. 721 millionar gjekk til løn, og 139 millionar gjekk til kjøp av medium. Etter indeksregulering av tala for 2005 gir dette ein auke på to prosent til løn. Det gir og ein svak auke i utgiftene til medium per innbyggjar. For

første gong sidan 1998 er det såleis ikkje nedgang i utgiftene til medium per innbyggjar. I tillegg til eige innkjøp, er ei betydeleg mengd av biblioteka sin tilvekst eit resultat av dei statleg finansierte innkjøpsordningane til Kulturrådet. Den totale bestanden ved folkebiblioteka er uendra, men bestanden av andre medium enn bøker, tidsskrift og aviser auka med 6,7 prosent, og i 2006 utgjorde dei 8 prosent av samlingane.

Besøk

Etter fleire år med stabile besøkstal på om lag fem besøk per innbyggjar, gjekk talet på besøk per innbyggjar ned frå 5,1 i 2005 til 4,8 i 2006. Ein skal vere merksam på at det ikkje er alle bibliotek som har rapportert tal for besøk. For 2006 er det 17 bibliotek som ikkje har tal for besøk. Når ein ser på fylkesnivå, så er det berre i to fylke det ikkje er ein nedgang i besøkstala. Besøkstala varierer frå 3,5 besøk per innbyggjar i Møre og Romsdal, til 6,1 besøk per innbyggjar i dei to trøndelagsfylka. Nord-Trøndelag har såleis teke over for Vest-Agder som fylket med flest besøk per innbyggjar.

Statistikken seier lite om kva brukarane av folkebiblioteka gjer, utanom å låne bøker og andre medium. Han fangar heller ikkje opp kor stor del av befolkninga som brukar folkebiblioteka. Tidlegare undersøkingar gjort av Statistisk sentralbyrå på oppdrag frå ABM-utvikling, den siste frå 2006, syner at nær halvparten av befolkninga bruker folkebiblioteket i løpet av eit år. Førebels har vi ikkje tal for besøk på biblioteka sine nettstadar og bruken av dei virtuelle tenestene til biblioteka i den årlege statistikken. SSB si undersøking syner at ni prosent av dei som har besøkt biblioteket har brukt biblioteket sine nett-tenester ved bibliotekbesøket, og at ni prosent av befolkninga har brukt biblioteket sine nett-tenester medan dei var andre stader enn på biblioteket. Tala for fysiske besøk syner såleis ikkje heile biletet når det gjeld bruken av biblioteka sine tenester.

Utlån

For første gong syner statistikken ein nedgang i lånet av andre medium enn bøker, aviser og tidsskrift. Av desse media er det berre lånet av lydbøker som har auka, medan utlånet av både musikk og film har gått ned. Utlånet av bøker har og gått ned, og det totale utlånet var på 24,1 millionar. Utlånet per innbyggjar er på 5,2, ein nedgang på fire prosent frå 2005. Bokutlånet sto for 71,5 prosent av det totale utlånet, om lag som året før. Om vi ser på utviklinga dei siste ti åra under eitt, så har utlån per innbyggjar auka med tre prosent.

Utlån per innbyggjar

Ti på topp

Utsira	Rogaland	40,69
Modalen	Hordaland	15,14
Bokn	Rogaland	14,89
Hemsedal	Buskerud	13,36
Lund	Rogaland	13,35
Tolga	Hedmark	12,79
Bykle	Aust-Agder	12,42
Fyresdal	Telemark	12,30
Rømskog	Østfold	11,65
Finnøy	Rogaland	11,62

Ti på botn

Gratangen	Troms	0,68
Hvaler	Østfold	0,90
Midtre Gauldal	Sør-Trøndelag	1,12
Tysnes	Hordaland	1,27
Vågsøy	Sogn og Fjordane	1,33
Vardø	Finnmark	1,35
Balsfjord	Troms	1,36
Giske	Møre og Romsdal	1,51
Berlevåg	Finnmark	1,57
Hurum	Buskerud	1,67

Medieutgifter per innbyggjar

Ti på topp

Nesseby	Finnmark	258,17
Modalen	Hordaland	254,49
Utsira	Rogaland	246,03
Tydal	Sør-Trøndelag	192,58
Røyrvik	Nord-Trøndelag	161,21
Fedje	Hordaland	146,26
Kvitsøy	Rogaland	143,00
Bykle	Aust-Agder	138,67
Suldal	Rogaland	138,55
Rømskog	Østfold	119,83

Ti på botn

Halden	Østfold	8,77
Balsfjord	Troms	9,94
Vågsøy	Sogn og Fjordane	10,42
Nannestad	Akershus	10,64
Rana	Nordland	10,74
Eidsvoll	Akershus	11,43
Verran	Nord-Trøndelag	12,58
Rælingen	Akershus	12,64
Sørum	Akershus	14,24
Tranøy	Troms	15,27

Denne auken skuldast ein kraftig auke i utlånet av andre medium enn bøker. Bokutlånet per innbyggjar har gått ned med 13 prosent i perioden, medan utlånet av andre medium er nær dubla. Nedgangen i bokutlånet frå 2005 gjeld litteratur både for barn og vaksne, men nedgangen er som tidlegare størst for vaksnebøkene. Nedgangen i lånet av barnebøker per barn er på 2,8 prosent, og nedgangen i lån av bøker for vaksne per vaksne er på 5,2 prosent. For begge gruppene er det utlånet av fagbøker som syner størst nedgang med 5,2 prosent for barnebøkene og 8,8 prosent for bøkene for vaksne. Nedgangen i lån av skjønnlitteratur per barn og vaksne er lik, og ligg på 2,1-2,2 prosent. Det er berre to fylke som ikkje har nedgang i utlånet per innbyggjar, og på fylkesnivå varierer utlånet per innbyggjar mellom 4,1 og 6,5.

Fylkesbibliotek

Det er nokre endringar i statistikken for fylkesbiblioteka frå 2005 til 2006. Nokre av fylkesbiblioteka har sett bort utlån og fjernlån til eit folkebibliotek, og ved publisering manglar økonomiopplysningar for eitt bibliotek. Om vi ser på dei biblioteka som leverte rekneskapstal begge åra, og indeksregulerar tala for 2005, så gjekk brutto driftsutgifter ned med om lag 2,4 prosent. Utgiftene til løn gjekk ned med 1,8 prosent og utgiftene til mediekjøp gjekk opp med 1,9 prosent. Utgiftene til løn var på 61,3 millionar i 2006, og var den største utgiftsposten for fylkesbiblioteka, med 58 prosent av brutto driftsutgifter.

Om vi ser på dei fylkesbiblioteka som har levert tal for fjernlån for både 2005 og 2006, så gjekk fjernlånet ned med tre prosent. Størstedelen av nedgangen i fjernlån frå fylkesbiblioteka på 9,7 prosent skuldast såleis at nokre av fylkesbiblioteka har sett bort fjernlånet til folkebibliotek. Det er nedgang i fjernlånet til bibliotek både i eige fylke og i andre fylke. Fylkesbiblioteka som dreiv fjernlån begge åra, mottok 96 000 tingingar i 2006, fire prosent færre enn året før. Som for fjernlåna, skuldast størstedelen av nedgang på 13,7 prosent difor at nokre av fylkesbiblioteka har sett bort fjernlånet. Om lag 2,5 prosent av tingingane fylkesbiblioteka mottok blei vidaresende. Om vi ser på alle fylkesbiblioteka sitt direkte utlån, er nedgangen 7,2 prosent. Det var berre Akershus fylkesbibliotek sitt utlån til fengsel som gjekk opp, medan dei andre formene for direkte utlån gjekk ned.

Mobil bibliotekteneste

I 2006 kom det ein ny bokbuss driven av Voss

bibliotek, og talet på bokbussar var 34. Bokbåttenestene som blir drivne av fylkesbiblioteka i Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal, reknast som tre sjølvstendige tenester jamvel om det er den same båten som blir nytta.

I 2006 var det 707 000 utlån frå bokbussane i landet. Dette er ein nedgang på 1,7 prosent frå året før. Det var nedgang både i utlånet av bøker til barn og til vaksne, men medan nedgangen i utlånet av barnebøker var på berre ein halv prosent, gjekk utlånet av bøker for vaksne ned med 6,6 prosent.

Fengselsbibliotek

Fengselsbibliotekstatistikken femner fengselsbibliotek som er statleg finansierte etter avtale med ABM-utvikling. Lokale folke- og fylkesbibliotek leverer tenestene og får dekkja utgiftene til dette av ABM-utvikling. Det finst og bibliotektenester i andre fengsel, men som ei undersøking gjord av ABM-utvikling for nokre år sidan syner, er kvaliteten på desse tenestene varierende og i hovudsak låg. I år er dei nyoppretta fengselsbiblioteka i Trondheim og Stavanger med i statistikken, og statistikken femner 15 bibliotek.

Bibliotekstatistikken stadfester kvart år at desse biblioteka blir mykje brukt. I 2006 var det nærare 80 utlån per innsett, ein nedgang på om lag 10 frå året før. Nedgangen skuldast i hovudsak dei nye fengselsbiblioteka som er i ei oppbyggingsfase. Om vi ser på dei biblioteka som dreiv i både 2005 og 2006, er nedgangen på 4 prosent. Med eit utlån på nærare 80 per innsett, låner dei innsette 15 gonger meir enn resten av befolkninga. I røynda er skilnaden større til resten av den vaksne befolkninga, då utlånet av barnebøker trekker gjennomsnittet opp for folkebiblioteka.

Det er oppretta eller under oppretting fleire statleg finansierte fengselsbibliotek, så statistikken i dei komande åra vil femne fleire av fengsla i landet, og bibliotekbruken til ein større del av fangebefolkninga.

Bibliotek i vidaregåande skule

Utgiftene til innkjøp av bøker og andre medium var på 31,1 millionar, som svarar til 181,29 kr per elev. Dette er ei auking i medieutgifter per elev i høve til 2005 på om lag 1,7 prosent. Tala for 2005 er indeksregulerte før samanlikninga. Tilveksten av bøker per elev har gått opp med om lag 2 prosent, medan talet på bøker per elev i skulebiblioteka sine samlingar er ganske stabilt, 16 bøker per elev. Talet på abonnement på tidsskrift har gått ned med 4 prosent, medan talet på avisabon-

nement er stabilt. Talet på AV-media har hatt ei sterk auke, om lag 17 prosent i høve til 2005. Samla er det ei svak auke i talet på medium per elev. Ein skal vere merksam på at gjennomsnittstala skjuler store skilnader mellom skulebiblioteka.

Det totale utlånet ved skulebiblioteka ligg på om lag 831.000, og utlån per elev har ikkje endra seg i høve til 2005. Utlån av AV-media utgjer 20 prosent av totalutlånet, noko som er ei svak auke frå 2005, men som er meir enn ei dobling av AV-media sin del av totalutlånet slik det var for 5-6 år sidan. Skjønnlitteraturen sin del av bokutlånet har auka noko, og utgjer 49 prosent av totalt bokutlån mot 46 prosent i 2005. I 2001 sto skjønnlitteraturen for ein tredel av bokutlånet.

Stadig fleire bibliotek gjer katalogen tilgjengeleg på Internett. I 2006 hadde 83 prosent av biblioteka katalogen på Internett mot 46 prosent i 2002. Det er store variasjonar mellom fylka, og i syv fylke hadde alle biblioteka katalogen på Internett.

Av dei tilsette i skulebiblioteka hadde 251 full bibliotekarutdanning, og desse stod for 61 prosent av 357 årsverk. Her skal ein vere merksam på at det er store skilnader mellom skulane, noko som og viser seg på fylkesnivå. Medan ein i Østfold i gjennomsnitt har fagutdanna bibliotekarar ved skulen nær 54 timar i uka, har ein i Nord-Trøndelag berre 2-3 timar med fagutdanna bibliotekarar per skule per veke. Om ein ser på dei totale personalressursane, er skilnadene ikkje så dramatiske sjølv om det er store skilnader her og.

1.2 Hovudtrekk frå fag- og forskingsbibliotekstatistikken

Det blei utført nesten 4,2 millionar lån i dei norske fag- og forskingsbiblioteka i 2006. Av dette var ca. 472 000 fjernlån og over 3,7 millionar lokale lån. Bestanden er no på over 19,8 millionar bind, med ein tilvekst i 2006 på 604 000 bind. Dei 314 einingane hadde 1775 tilsette som utførte 1547 årsverk, og dei totale utgiftene er på over 1,3 milliardar kroner. Av dette utgjer lønskostnadane no 589 millionar, og innkjøp av materiale til samlingane 365 millionar kroner.

Det blei sendt ut statistikk skjema til 351 bibliotekeringar. Av desse er 11 einingar nedlagde. 340 einingar skulle då ha levert og av desse leverte 331, altså ein svarprosent på over 97,3. Alle biblioteka som har levert statistikk er med i tabellane som finst på ABM-utviklings heimeside. Statistisk sentralbyrå har kvalitetssikra alle innsamla data før dei blir offentleggjort.

Bestanden av bøker og tidskrift

Den samla bestanden utgjer per 1.1.2007 19,8 millionar bind og har auka med 10,7 prosent frå 1997. Tilveksten i 2006 låg på ca. 604 000 bind. Totalt har det vore ein tilvekst på 5,5 millionar bind sidan 1997. Ser ein på kassasjonen i den same perioden så har han vore på 3,65 millionar bind.

Talet på løpande periodikatitlar har variert ein del i perioden 1997 til 2006, men ser ein på tala frå 1997 har nedgangen vore på over 44 prosent. Ein del bibliotek har sagt opp mange trykte abonnement og valt å gå over til berre å ha elektroniske titlar dei siste åra, og det er då naturleg at talet på trykte titlar går ned. Frå statistikken for 2001 har ein prøvd å samle inn data på kor mange elektroniske titlar dei norske fagbiblioteka har tilgang til. Talet har auka kraftig i dei siste åra, summen som blei oppgitt for 2006 er 339 000.

Blir samlingane brukte?

Utlånsveksten frå 1997 til 2006 er på 13,8 prosent. Det totale utlånet dekkjer lokale lån, kopiar som erstatning for lån og fjernlån. Sidan 1997 har tilgangen til elektroniske ressursar auka kraftig og ein kan sjå at utlånet av dei fysiske samlingane har flata ut på landsbasis men med en liten nedgang det siste året. Fremtiden vil vise om vi no har nådd ein topp på utlånet og om det vil bli ei fallande kurve framover. Dei elektroniske kjeldene vil bli stadig viktigare for brukarane, og ein registrerer at bruken stadig aukar.

Innlånet dei siste åra har vist ein klart fallande trend. I 1997 var innlånet på 409 000 mens det hadde gått ned til 316 000 i fjor. Dette er ein nedgang på 23 prosent.

Fjernlånet har sidan 1997 blitt redusert med nesten 6 prosent på landsbasis. Det er store skilnader mellom dei ulike bibliotektypene. Til dømes har høgskolane teke ein større del av fjernlånet, mens spesialbiblioteka har teke stadig mindre av fjernlånstrafikken i Noreg. Tala for Nasjonalbiblioteket viser ein auke på 58 prosent.

Talet på lokale lån per student/tilsett har på landsbasis halde seg relativt jamt. Det har variert mellom 10,5 og 11,9 i perioden 1997 til 2006.

Personalet

Talet på årsverk i fag- og forskingsbiblioteka har ikkje endra seg mykje i den siste 10 årsperioden, det er ein nedgang på 3,5 prosent. 1998 var toppåret med 1694 årsverk. Statistikken viser at det har skjedd ein liten nedgang når det gjeld tal på tilsette og årsverk på landsbasis dei siste 10 åra.

Den største prosentvise auken i årsverk har høgskolane stått for i perioden.

Økonomi

På økonomisida har det rapporterte talmaterialet vore av varierende kvalitet. Det er ein del bibliotek som ikkje får ut data frå moderinstitusjonane sine, medan andre berre får ut litt talmateriale.


Dette skapar problem for tolking av data.




Akkvisisjonsutgiftene har auka med over 91 prosent frå 1997 til 2006. Den prosentvise delen av rapporterte utgifter som går til akkvisisjon har blitt redusert frå 29 i 1997 til 27,1 i 2006. Talmaterialet som er rapportert på løn og sosiale kostnader tyder på at det har vore ein auke i utgiftene på ca. 73 prosent. Den prosentvise delen av utgiftene som går til løn var i 1997 på 51,1, medan han i 2006 var på 43,8. Det er store variasjonar mellom dei forskjellige bibliotektypane. Dei private høgskolane brukar 62,3 prosent, og er dei som brukar mest. Til samanlikning brukar offentlege spesialbibliotek berre 34,6 prosent av utgiftene til løn.




Nokre indikatorar på produktivitet

Samanliknar ein den prosentvise auken i utlån og auken i talet på årsverk, gir dette ein indikasjon på produktivitsutviklinga frå 1997 til 2006. For å finne bruken av samlingane samanliknar ein auken av det totale utlånet med den prosentvise utviklinga av talet på bind og brutto tilvekst. Av dette kan ein sjå at det i 2006 har vore ein nedgang i utlånet medan talet på bind aukar. Nokon vil tolke dette som ein liten korreksjon i tala medan andre vil sjå det som ei stadfesting på at samlingane blir mindre brukt. Vil dette bety at samlingane framover ikkje vil utsetjast for like mykje slitasje som dei siste åra?


1.3 Figurar









Folkebibliotek: Medieløyving per innbyggjar i 2006-kroner




Fag- og forskingsbibliotek: Årsverk




Fag- og forskingsbibliotek: Tilsette




Fag- og forskingsbibliotek: Akkvisisjonsutgifter i mill.




Fag- og forskingsbibliotek: Indikatorar




Fag- og forskingsbibliotek: Totalt utlån i tusen




Fag- og forskningsbibliotek: Tal på bind i tusen



Fag- og forskningsbibliotek: Løpande periodikatitlar i tusen



Fag- og forskningsbibliotek: Samla utlån og nedlastingar av elektroniske dokument



Tabell 1. Folkebibliotek etter kommunestorleik

Storleik på verkeområdet ¹	Tal på bibliotek	Tal på avd. ²	Tal på avd. pr. bibliotek ²	Innbyggjartal	Personale			Opningstid hovudbibliotek			Opningstid alle avd. ³		
					Biblioteksjef heiltids-tilsett	Biblioteksjef med fagutd.	Del deltids-tilsette	Timar totalt pr. bibliotek	Timar etter 17 pr. bibliotek	Del laurdags-ope	Timar totalt pr. avd.	Timar etter 17 pr. avd.	Del laurdags-ope
> 100 000 innb.	5	41	8,2	1 160 267	100 %	100 %	40 %	52,9	10,8	100 %	31,5	5,3	73 %
50-100 000 innb.	9	29	3,2	537 371	100 %	78 %	36 %	53,9	8,7	100 %	32,3	4,7	48 %
30-50 000 innb.	11	32	2,9	417 654	100 %	91 %	38 %	46,5	8,0	100 %	28,6	4,8	44 %
20-30 000 innb.	20	38	1,9	488 948	100 %	100 %	43 %	41,2	5,4	100 %	28,4	4,3	58 %
15-20 000 innb.	17	30	1,8	303 893	100 %	100 %	47 %	37,7	5,1	100 %	27,4	3,9	73 %
10-15 000 innb.	40	79	2,0	509 095	88 %	100 %	59 %	36,8	5,7	80 %	24,1	4,2	44 %
7 500-10 000 innb.	30	64	2,1	263 604	97 %	97 %	57 %	29,6	5,0	83 %	18,4	3,9	44 %
5-7 500 innb.	62	106	1,7	381 492	71 %	87 %	69 %	29,5	4,3	63 %	20,5	3,5	37 %
3-5 000 innb.	75	146	1,9	294 988	68 %	72 %	73 %	23,6	4,2	49 %	15,0	3,2	28 %
2-3 000 innb.	66	114	1,7	164 022	30 %	47 %	84 %	18,3	3,8	21 %	13,5	2,9	14 %
1-2 000 innb.	69	105	1,5	99 920	14 %	32 %	92 %	16,3	3,3	7 %	12,8	2,9	5 %
<1 000 innb.	27	31	1,1	18 965	15 %	15 %	84 %	14,8	2,9	11 %	16,6	3,6	16 %
Noreg	431	815	1,9	4 640 219	59 %	68 %	55 %	26,5	4,5	50 %	19,5	3,6	33 %

¹ Storleiken på verkeområdet svarar til kommunestorleiken, med unntak for Tønsberg og Nøtterøy som driv felles bibliotek. Dette biblioteket tener over 50 000 innbyggjarar, medan Tønsberg og Nøtterøy ligg i kategoriane 30-50 000 og 20-30 000 innbyggjarar. Innbyggjartal og andre data er relaterte til Tønsberg/Nøtterøy bibliotek, og opptreir derfor i kategorien 50-100 000 innbyggjarar.

² Medrekna hovudbibliotek

³ Tal på opningstimar pr. avdeling (hovudbibliotek medrekna) og del av avdelingane som var ope på laurdagar. I tillegg var 13 hovudbibliotek og to filialar ope på søndagar.

Storleik på verkeområdet	Økonomi ¹											
	Løn pr. innb.	Bøker, tids., aviser pr. innb.	AV-medium pr. innb. ²	Medium 2005 pr. innb. ³	Medium 2006 pr. innb.	Drift mobile einingar pr. innb.	Data-tenester pr. innb.	Husleige pr. innb. ⁴	Andre utgifter pr. innb.	Løn + medium pr. innb.	Drift totalt 2005 pr. innb. ³	Drift totalt 2006 pr. innb.
> 100 000 innb.	152,69	19,21	4,46	24,12	23,67	0,20	3,78	45,89	29,64	176,35	266,11	255,86
50-100 000 innb.	173,13	23,04	2,45	25,37	25,50	1,12	6,43	27,00	35,44	198,63	261,42	268,61
30-50 000 innb.	154,55	26,64	4,19	27,91	30,83	0,22	4,57	13,36	26,88	185,38	218,90	230,40
20-30 000 innb.	147,67	20,69	2,83	24,75	23,52	2,83	5,95	23,42	22,11	171,19	225,59	225,49
15-20 000 innb.	128,93	22,92	2,42	25,86	25,34	0,15	4,60	19,35	10,95	154,27	195,88	189,31
10-15 000 innb.	143,07	26,06	2,87	28,64	28,94	2,07	6,83	17,64	15,78	172,00	208,99	214,31
7 500-10 000 innb.	145,98	29,30	3,41	33,54	32,71	3,17	6,42	13,66	18,75	178,69	213,00	220,69
5-7 500 innb.	146,68	34,34	3,20	33,61	37,54	3,03	7,71	25,62	18,62	184,21	229,20	239,20
3-5 000 innb.	169,34	38,93	3,46	44,08	42,39	3,34	9,46	12,78	23,66	211,73	261,89	260,97
2-3 000 innb.	182,75	43,47	3,06	46,94	46,53	19,62	11,54	24,53	28,07	229,28	312,22	313,05
1-2 000 innb.	207,65	54,34	4,64	56,06	58,98	2,74	13,79	14,21	33,63	266,63	316,10	331,00
<1 000 innb.	351,26	102,42	6,45	100,57	108,87	7,28	30,18	55,54	70,29	460,13	623,52	623,42
Noreg	155,32	26,50	3,46	29,72	29,96	2,16	6,21	26,57	24,82	185,28	244,08	245,03

¹ Eitt bibliotek har ikkje levert rekneskapstal for 2006. Nokre bibliotek har ikkje fordelt mva på dei ulike postane, men ført dette samla i posten "Andre utgifter".

² 219 bibliotek har levert data, dei resterande har ført utgifter til AV-medium i kategorien bøker, aviser, tidsskrift.

³ 2006-kroner

⁴ 172 bibliotek har levert tal for husleige.

Tabell 1. Folkebibliotek etter kommunestørleik

Størleik på verkeområdet	Barnebøker						Bøker for vaksne					
	Tilvekst fag pr. 100 barn ¹	Tilvekst skjønn pr. 100 barn ¹	Tilvekst totalt pr. 100 barn ¹	Bestand fag pr. 100 barn ¹	Bestand skjønn pr. 100 barn ¹	Bestand totalt pr. 100 barn ¹	Tilvekst fag pr. 100 vaksne ²	Tilvekst skjønn pr. 100 vaksne ²	Tilvekst totalt pr. 100 vaksne ²	Bestand fag pr. 100 vaksne ²	Bestand skjønn pr. 100 vaksne ²	Bestand totalt pr. 100 vaksne ²
> 100 000 innb.	4,7	22,7	27,4	97,9	313,7	411,6	6,4	4,8	11,2	125,0	78,4	203,5
50-100 000 innb.	10,8	37,3	48,1	104,3	340,3	444,5	10,2	9,3	19,5	146,3	118,9	265,2
30-50 000 innb.	5,9	24,6	30,5	113,2	340,8	454,1	5,6	5,6	11,2	145,9	134,5	280,4
20-30 000 innb.	6,2	23,6	29,8	133,9	430,5	564,3	5,3	5,9	11,3	172,1	144,6	316,6
15-20 000 innb.	5,1	20,9	26,0	126,8	386,9	513,7	4,8	5,8	10,6	153,5	154,1	307,6
10-15 000 innb.	6,2	28,2	34,4	157,1	495,0	652,1	4,9	7,6	12,5	165,8	173,3	339,0
7 500-10 000 innb.	10,7	52,6	63,4	160,6	596,2	756,8	7,2	11,7	18,9	192,5	252,1	444,6
5-7 500 innb.	9,3	37,6	46,9	195,4	751,5	947,0	7,4	12,4	19,9	241,1	314,5	555,6
3-5 000 innb.	13,2	49,9	63,2	248,9	1 027,8	1 276,7	9,4	18,6	28,0	230,9	411,4	642,3
2-3 000 innb.	17,9	74,7	92,7	304,9	1 337,6	1 642,4	11,7	24,2	35,9	271,1	525,0	796,0
1-2 000 innb.	21,6	89,2	110,8	363,5	1 820,6	2 184,1	12,6	38,7	51,3	339,7	789,1	1 128,8
<1 000 innb.	57,3	182,7	240,0	758,4	3 249,6	4 008,1	20,6	55,5	76,1	445,8	1 113,5	1 559,3
Noreg	8,1	33,7	41,8	148,9	532,2	681,1	7,1	9,4	16,5	171,9	196,3	368,2

¹ t.o.m. 14 år pr. 1.1.2006

² f.o.m. 15 år pr. 1.1.2006

Størleik på verkeområdet	Bøker		Musikk		Lydbøker		Video/DVD		Totalt alle medium	
	Tilvekst pr. 100 innb.	Bestand pr. 100 innb.	Tilvekst pr. 100 innb.	Bestand pr. 100 innb.	Tilvekst pr. 100 innb.	Bestand pr. 100 innb.	Tilvekst pr. 100 innb.	Bestand pr. 100 innb.	Tilvekst pr. 100 innb.	Bestand pr. 100 innb.
> 100 000 innb.	14,2	242,0	1,2	10,2	0,9	6,0	1,4	5,5	18,3	277,6
50-100 000 innb.	25,1	300,8	1,0	10,0	1,3	8,6	1,4	7,3	29,7	336,3
30-50 000 innb.	15,0	314,7	0,9	7,2	1,5	7,7	2,2	8,8	20,5	349,3
20-30 000 innb.	14,9	365,7	1,0	9,0	1,5	10,9	1,3	8,2	19,4	409,0
15-20 000 innb.	13,8	349,8	0,6	6,9	1,4	10,2	1,2	7,8	17,3	379,7
10-15 000 innb.	17,0	403,7	0,9	7,8	1,6	10,8	1,5	8,5	21,2	437,5
7 500-10 000 innb.	28,0	508,5	1,3	11,1	2,1	13,4	2,1	11,5	33,8	551,7
5-7 500 innb.	25,2	632,4	1,3	12,6	2,0	14,9	2,0	11,6	31,1	686,8
3-5 000 innb.	34,8	765,4	2,1	13,5	2,3	16,8	3,0	19,7	42,8	821,6
2-3 000 innb.	46,5	953,7	1,8	14,1	2,5	19,5	3,3	22,0	54,9	1 019,6
1-2 000 innb.	62,3	1 324,1	2,7	17,4	3,8	22,1	4,4	31,9	74,0	1 413,2
<1 000 innb.	105,8	2 003,0	3,7	30,9	3,5	36,5	8,4	68,1	122,0	2 157,7
Noreg	21,5	429,4	1,2	10,1	1,5	10,5	1,8	9,9	26,6	471,1

Tabell 1. Folkebibliotek etter kommunestorleik

Storleik på verkeområdet	Utlån barnebøker			Utlån bøker for vaksne			Totalt bokutlån pr. innb.	Musikk	Lydbøker	Video/DVD
	Fag pr. barn ¹	Skjønn pr. barn ¹	Totalt pr. barn ¹	Fag pr. vaksen ²	Skjønn pr. vaksen ²	Totalt pr. vaksen ²		Utlån pr. innb.	Utlån pr. innb.	Utlån pr. innb.
> 100 000 innb.	1,31	6,01	7,31	1,36	1,29	2,65	3,52	0,52	0,37	0,69
50-100 000 innb.	1,40	6,90	8,29	1,33	1,50	2,84	3,92	0,32	0,46	0,87
30-50 000 innb.	1,39	6,74	8,13	1,26	1,46	2,71	3,78	0,16	0,41	0,94
20-30 000 innb.	1,44	7,13	8,57	1,18	1,46	2,63	3,81	0,13	0,47	0,68
15-20 000 innb.	1,23	5,74	6,97	0,87	1,18	2,05	3,06	0,08	0,41	0,60
10-15 000 innb.	1,51	6,99	8,50	1,00	1,40	2,40	3,66	0,09	0,41	0,64
7 500-10 000 innb.	1,30	6,82	8,12	0,87	1,47	2,34	3,52	0,08	0,39	0,65
5-7 500 innb.	1,57	7,70	9,27	1,00	1,50	2,51	3,83	0,09	0,37	0,64
3-5 000 innb.	1,85	8,54	10,39	0,88	1,72	2,60	4,11	0,07	0,36	0,86
2-3 000 innb.	1,87	8,71	10,58	0,84	1,69	2,54	4,03	0,06	0,33	0,78
1-2 000 innb.	2,08	9,06	11,14	0,82	1,94	2,76	4,31	0,07	0,30	0,88
<1 000 innb.	2,70	14,76	17,46	1,29	2,61	3,90	6,36	0,08	0,33	1,31
Noreg	1,45	6,93	8,38	1,14	1,44	2,58	3,72	0,23	0,40	0,74

¹ t.o.m. 14 år pr. 1.1.2006

² f.o.m. 15 år pr. 1.1.2006

Storleik på verkeområdet	Totalt utlån			Besøk pr. innb.	Innlån pr. 1 000 innb.	IT			
	Utlån pr. innb.	Endring frå 2005	Utlån pr. årsverk			Katalog tilgjengeleg på Internett ¹	Tal på datamaskiner for publikum (pr. avd.)		Tilgang til Internett for publikum ²
							Internett	Eigen katalog	
> 100 000 innb.	5,24	-5,1 %	14 478	5,7	8,0	100 %	5,8	6,2	100 %
50-100 000 innb.	5,69	-4,1 %	14 060	5,6	31,6	100 %	7,8	8,0	100 %
30-50 000 innb.	5,41	-0,1 %	14 650	4,8	43,7	100 %	4,6	5,0	100 %
20-30 000 innb.	5,22	-5,2 %	14 136	5,6	58,9	100 %	5,0	4,7	95 %
15-20 000 innb.	4,21	-8,0 %	13 113	3,9	58,1	100 %	4,6	4,6	100 %
10-15 000 innb.	4,92	-4,4 %	13 887	4,1	78,1	95 %	2,9	2,7	100 %
7 500-10 000 innb.	4,76	-4,5 %	13 109	3,9	85,5	97 %	3,3	3,1	100 %
5-7 500 innb.	5,02	-0,8 %	13 568	4,0	99,5	85 %	3,1	2,7	100 %
3-5 000 innb.	5,51	-2,6 %	12 893	4,0	122,1	85 %	2,2	1,9	100 %
2-3 000 innb.	5,28	-0,5 %	10 260	3,7	156,2	80 %	2,0	1,7	100 %
1-2 000 innb.	5,65	-2,3 %	10 282	3,3	188,4	65 %	2,1	1,4	97 %
<1 000 innb.	8,15	-5,3 %	7 506	5,3	173,8	81 %	2,5	1,9	100 %
Noreg	5,20	-3,9 %	13 601	4,8	59,3	85 %	3,1	2,9	99 %

¹ Del av biblioteka som har bibliotekskatalogen tilgjengeleg på Internett.

² Del av biblioteka der minst ei av avdelingane har pcar til bruk for publikum med tilgang til Internett.

Tabell 2. Folkebibliotek etter fylke (Rekneskap og budsjett i 1000 kr)

Fylke	Innbyggjartal	Tal på barn t.o.m. 14 år	Tal på hovudbibliotek	Tal på avd. ¹	Fag-utdanna bibl. sjef	Rekneskap 2006 ²						
						Løn	Bøker, aviser, tidsskrift	AV-medium ³	Medium totalt	Data-tenester	Husleige ⁴	Totalt driftsrekneskap
Østfold	260 389	48 962	18	25	16	37 861	5 905	730	6 635	1 247	4 953	54 667
Akershus	501 125	106 420	22	40	21	75 261	11 197	872	12 068	3 357	19 454	122 109
Oslo	538 411	92 269	1	20	1	80 115	7 571	977	8 548	2 299	24 005	131 659
Hedmark ⁵	188 511	33 417	22	36	18	29 514	5 415	467	5 882	1 312	1 623	42 162
Oppland	183 204	33 012	26	44	21	26 653	5 852	564	6 415	1 977	4 862	45 050
Buskerud	245 225	46 319	21	42	16	38 861	7 097	580	7 678	1 399	5 234	58 915
Vestfold	222 104	42 167	13	18	13	39 465	6 184	631	6 815	1 850	612	55 588
Telemark	166 140	30 345	18	37	15	29 062	5 055	607	5 661	1 302	2 742	42 310
Aust-Agder	104 084	20 443	15	25	10	17 763	3 076	362	3 438	760	346	25 377
Vest-Agder	162 317	33 564	15	35	9	26 346	4 473	657	5 130	1 305	383	39 485
Rogaland	397 594	86 953	27	55	15	64 176	12 463	2 258	14 721	1 841	8 856	105 451
Hordaland	452 611	92 244	33	67	25	69 029	11 665	2 784	14 449	2 078	12 287	108 122
Sogn og Fjordane	106 650	21 867	26	59	11	18 959	3 752	459	4 212	1 021	3 927	31 016
Møre og Romsdal	244 978	48 296	38	75	25	34 120	7 722	484	8 206	1 176	4 962	53 346
Sør-Trøndelag	275 403	53 747	25	49	14	34 561	7 695	1 539	9 234	905	15 332	62 189
Nord-Trøndelag	128 694	25 935	24	34	12	19 198	3 453	677	4 130	835	4 981	32 046
Nordland	236 257	45 634	44	79	25	35 891	6 810	744	7 554	2 003	2 803	58 718
Troms	153 585	30 300	25	44	13	24 066	4 178	291	4 469	1 117	1 663	35 902
Finnmark	72 937	14 917	19	30	12	19 082	3 197	365	3 562	969	3 870	31 238
Svalbard			1	1	1	751	194		194	44	388	1 634
Noreg	4 640 219	906 811	431	815	293	720 732	122 953	16 049	139 002	28 797	123 284	1 136 985

¹ Inkludert hovudbibliotek

² Eitt bibliotek har ikkje levert rekneskapstal for 2006. Nokre bibliotek har ikkje fordelt mva på dei ulike postane, men ført dette samla i posten "Andre utgifter".

³ 219 bibliotek har levert data, dei resterande har ført utgifter til AV-medium i kategorien bøker, aviser, tidsskrift.

⁴ 172 bibliotek har levert tal for husleige.

Fylke	Budsjett 2007 ¹							Medieløyving pr. innbyggjar			Driftsutgifter pr. innbyggjar 2006 ⁴
	Løn	Bøker, aviser, tidsskrift	AV-medium ²	Medium totalt	Data-tenester	Husleige ³	Totalt driftsbudsjett	Rekneskap 2006 ⁴	Endring frå 2005 ⁵	Budsjett 2007	
Østfold	38 783	6 209	744	6 952	1 388	4 976	56 028	25,48	-9,1 %	26,70	209,94
Akershus	75 580	13 078	598	13 675	3 050	20 007	121 846	24,08	1,5 %	27,29	243,67
Oslo	83 966	6 917	1 000	7 917	2 953	24 707	137 192	15,88	-0,4 %	14,70	244,53
Hedmark	29 415	5 322	285	5 607	1 274	1 636	40 984	31,20	2,0 %	29,74	223,66
Oppland	26 714	5 938	521	6 459	2 194	4 811	44 811	35,02	2,9 %	35,25	245,90
Buskerud	40 217	6 187	514	6 701	1 524	10 760	64 601	31,31	13,2 %	27,32	240,25
Vestfold	40 231	7 034	330	7 364	1 871	672	56 418	30,68	-1,0 %	33,16	250,28
Telemark	29 681	5 667	728	6 394	1 240	2 326	42 636	34,07	22,4 %	38,49	254,67
Aust-Agder	18 808	3 162	338	3 500	933	886	26 073	33,03	2,2 %	33,63	243,81
Vest-Agder	26 612	4 415	507	4 922	1 199	383	39 171	31,61	2,5 %	30,32	243,26
Rogaland	65 443	11 983	2 022	14 005	1 749	8 136	104 325	37,02	-5,1 %	35,22	265,22
Hordaland	70 089	11 225	2 736	13 961	2 179	11 813	108 033	31,92	0,7 %	30,85	238,89
Sogn og Fjordane	18 848	3 709	500	4 209	1 066	4 031	30 597	39,49	-0,5 %	39,46	290,82
Møre og Romsdal	35 200	7 082	415	7 498	1 188	5 261	54 103	33,50	11,0 %	30,60	217,76
Sør-Trøndelag	34 559	7 297	703	8 000	987	16 126	75 430	33,53	-3,0 %	29,05	225,81
Nord-Trøndelag	19 069	3 275	609	3 883	820	5 049	31 604	32,09	-0,7 %	30,17	249,01
Nordland	34 978	6 732	763	7 496	2 024	2 835	56 651	31,97	-7,0 %	31,73	248,54
Troms	23 320	4 107	317	4 424	1 169	2 152	34 923	29,10	8,2 %	28,80	233,76
Finnmark	19 033	2 990	303	3 293	1 058	3 794	31 206	48,84	-4,4 %	45,15	428,28
Svalbard	819	170		170	43	402	1 632				
Noreg	731 366	122 498	13 930	136 428	29 907	130 762	1 158 266	29,96	0,8 %	29,40	245,03

¹ To bibliotek har ikkje levert tal for budsjett.

² 204 bibliotek har levert data, dei resterande har AV-medium i kategorien bøker, aviser, tidsskrift.

³ 163 bibliotek har levert tal for husleige.

⁴ Eitt bibliotek har ikkje levert rekneskapstal for 2006.

⁵ 2005-rekneskapan er indeksregulert for samanlikninga.

Tabell 2. Folkebibliotek etter fylke

Fylke	Personale				Bøker for barn						
	Personar heiltid	Personar deltid	Totalt i årsverk	Årsverk pr. 1000 innb.	Tilvekst fag	Tilvekst skjønn	Total tilvekst	Avgang	Bestand fag	Bestand skjønn	Total bestand
Østfold	55	66	91	0,35	2 370	10 531	12 901	9 473	56 678	182 273	238 951
Akershus	148	98	184	0,37	6 006	22 722	28 728	24 523	121 897	332 705	454 602
Oslo	144	81	192	0,36	4 983	21 697	26 680	53 148	106 037	335 261	441 298
Hedmark	41	64	72	0,38	2 488	9 787	12 275	9 228	59 284	208 226	267 510
Oppland	36	58	67	0,36	4 211	21 599	25 810	14 092	75 200	285 116	360 316
Buskerud	56	65	94	0,38	6 311	16 488	22 799	13 752	66 200	227 742	293 942
Vestfold	67	55	95	0,43	2 483	11 052	13 535	20 126	53 395	163 173	216 568
Telemark	47	69	71	0,43	2 812	10 872	13 684	11 502	56 519	211 201	267 720
Aust-Agder	23	40	43	0,41	1 596	7 309	8 905	12 050	32 463	127 274	159 737
Vest-Agder	41	62	63	0,39	5 919	23 197	29 116	7 798	56 726	202 926	259 652
Rogaland	111	107	152	0,38	5 495	28 957	34 452	25 808	121 441	439 440	560 881
Hordaland	113	120	167	0,37	7 037	28 567	35 604	26 030	123 357	414 063	537 420
Sogn og Fjordane	16	83	48	0,45	2 507	10 692	13 199	8 184	54 763	236 617	291 380
Møre og Romsdal	43	108	84	0,34	3 905	16 720	20 625	24 464	78 687	356 550	435 237
Sør-Trøndelag	51	76	83	0,30	3 239	16 097	19 336	14 775	63 200	231 939	295 139
Nord-Trøndelag	19	68	50	0,39	2 560	8 534	11 094	8 028	47 333	183 922	231 255
Nordland	62	103	99	0,42	4 781	21 127	25 908	18 231	87 201	346 453	433 654
Troms	42	55	63	0,41	3 267	12 322	15 589	20 171	47 846	199 532	247 378
Finnmark	41	37	54	0,75	1 714	6 555	8 269	7 693	41 083	137 254	178 337
Svalbard	1	1	2		157	372	529	264	1 359	4 401	5 760
Noreg	1 157	1 416	1 773	0,38	73 841	305 197	379 038	329 340	1 350 669	4 826 068	6 176 737

Fylke	Bøker for voksne							Totalt bøker		
	Tilvekst fag	Tilvekst skjønn	Total tilvekst	Avgang	Bestand fag	Bestand skjønn	Total bestand	Tilvekst	Avgang	Bestand
Østfold	11 734	12 636	24 370	29 374	300 116	276 263	576 379	37 271	38 847	815 330
Akershus	16 303	21 448	37 751	50 938	464 193	452 426	916 619	66 479	75 461	1 371 221
Oslo	36 081	19 234	55 315	89 652	499 615	308 878	808 493	81 995	142 800	1 249 791
Hedmark	10 605	14 227	24 832	24 554	354 496	381 035	735 531	37 107	33 782	1 003 041
Oppland	11 267	18 325	29 592	34 886	335 699	421 722	757 421	55 402	48 978	1 117 737
Buskerud	11 202	13 929	25 131	44 742	271 267	335 563	606 830	47 930	58 494	900 772
Vestfold	9 665	11 001	20 666	32 030	292 151	233 656	525 807	34 201	52 156	742 375
Telemark	10 089	12 464	22 553	22 290	323 793	367 070	690 863	36 237	33 792	958 583
Aust-Agder	7 438	8 443	15 881	14 308	167 062	222 282	389 344	24 786	26 358	549 081
Vest-Agder	26 290	30 696	56 986	23 826	261 984	308 109	570 093	86 102	31 624	829 745
Rogaland	21 179	27 421	48 600	38 166	582 193	588 581	1 170 774	83 052	63 974	1 731 655
Hordaland	23 317	31 661	54 978	57 843	548 702	549 663	1 098 365	90 582	83 873	1 635 785
Sogn og Fjordane	5 974	15 385	21 359	19 435	245 216	434 903	680 119	34 558	27 619	971 499
Møre og Romsdal	12 225	21 999	34 224	60 140	372 072	596 075	968 147	54 849	84 604	1 403 384
Sør-Trøndelag	11 144	21 979	33 123	34 376	279 316	396 538	675 854	52 459	49 151	970 993
Nord-Trøndelag	7 817	16 332	24 149	27 631	207 340	293 444	500 784	35 243	35 659	732 039
Nordland	16 458	30 449	46 907	33 140	476 522	631 279	1 107 801	72 815	51 371	1 541 455
Troms	9 651	13 331	22 982	43 438	225 807	273 772	499 579	38 571	63 609	746 957
Finnmark	6 210	9 782	15 992	16 194	203 779	252 609	456 388	24 261	23 887	634 725
Svalbard	729	450	1 179	577	4 883	6 384	11 267	1 708	841	17 027
Noreg	265 378	351 192	616 570	697 540	6 416 206	7 330 252	13 746 458	995 608	1 026 880	19 923 195

Tabell 2. Folkebibliotek etter fylke

Fylke	Abonnement					Bestand andre medium				
	Tidsskrift	Aviser	Samla tilvekst	Samla avgang	Samla bestand	Musikk	Lydbøker	Video/DVD	CD-ROM	Anna ¹
Østfold	1 373	226	23	111	1 599	22 959	24 364	19 472	1 027	17 165
Akershus	2 245	352	223	107	2 597	44 729	52 107	37 522	1 261	33 422
Oslo	1 018	252	108	51	1 270	31 436	22 234	19 247	1 093	53 290
Hedmark	1 522	221	121	69	1 743	22 346	21 290	16 333	488	41 953
Oppland	1 499	221	77	83	1 720	14 408	27 506	20 279	1 167	9 557
Buskerud	1 736	229	61	71	1 965	23 656	23 260	22 886	854	27 212
Vestfold	1 186	189	35	52	1 375	17 805	23 472	23 349	1 206	18 059
Telemark	1 252	207	47	39	1 459	18 983	13 874	19 961	432	25 752
Aust-Agder	858	132	43	49	990	9 774	11 657	13 864	504	6 811
Vest-Agder	978	139	42	61	1 117	14 285	18 171	16 126	566	11 375
Rogaland	3 944	354	123	165	4 298	56 043	46 999	55 619	2 269	48 184
Hordaland	2 169	453	57	55	2 622	55 070	42 766	39 732	2 923	61 476
Sogn og Fjordane	1 531	187	52	62	1 718	19 824	16 447	20 958	802	9 140
Møre og Romsdal	1 856	306	85	83	2 162	20 289	25 753	23 678	670	8 457
Sør-Trøndelag	1 529	257	47	58	1 786	26 560	36 267	27 533	1 370	16 337
Nord-Trøndelag	1 043	174	35	57	1 217	13 780	20 461	19 118	1 330	11 466
Nordland	2 260	319	70	171	2 579	25 941	30 240	30 496	1 273	21 171
Troms	1 293	160	47	72	1 453	16 504	17 681	16 619	902	16 425
Finnmark	935	222	31	54	1 157	15 894	14 408	16 857	852	23 012
Svalbard	32	7	6		39		472	793		
Noreg	30 259	4 607	1 333	1 470	34 866	470 286	489 429	460 442	20 989	460 264

¹ Notar, fotografi, mikroformer, multimediesett, grafikk, dias-seriar osv.

Fylke	Andre medium			Totalt alle medium				Ullån bøker for barn			
	Samla tilvekst	Samla avgang	Samla bestand	Tilvekst	Tilvekst pr. 1000 innb.	Avgang	Bestand	Fag	Skjønn	Totalt	Pr. barn
Østfold	12 003	7 203	84 987	49 297	189,3	46 161	901 916	66 646	308 095	374 741	7,7
Akershus	22 774	13 886	169 041	89 476	178,6	89 454	1 542 859	134 009	652 660	786 669	7,4
Oslo	12 734	13 069	127 300	94 837	176,1	155 920	1 378 361	115 410	513 463	628 873	6,8
Hedmark	9 242	2 802	102 410	46 470	246,5	36 653	1 107 194	56 582	267 977	324 559	9,7
Oppland	10 220	3 764	72 917	65 699	358,6	52 825	1 192 374	48 734	260 247	308 981	9,4
Buskerud	11 393	5 911	97 868	59 384	242,2	64 476	1 000 605	67 008	337 649	404 657	8,7
Vestfold	11 217	5 330	83 891	45 453	204,6	57 538	827 641	73 315	318 260	391 575	9,3
Telemark	11 748	4 493	79 002	48 032	289,1	38 324	1 039 044	50 084	234 713	284 797	9,4
Aust-Agder	5 293	1 871	42 610	30 122	289,4	28 278	592 681	35 097	148 950	184 047	9,0
Vest-Agder	6 813	2 536	60 523	92 957	572,7	34 221	891 385	50 745	280 032	330 777	9,9
Rogaland	26 355	9 422	209 114	109 530	275,5	73 561	1 945 067	132 320	715 975	848 295	9,8
Hordaland	24 198	10 678	201 967	114 837	253,7	94 606	1 840 374	142 902	615 978	758 880	8,2
Sogn og Fjordane	8 866	2 561	67 171	43 476	407,7	30 242	1 040 388	32 265	144 799	177 064	8,1
Møre og Romsdal	11 530	3 303	78 847	66 464	271,3	87 990	1 484 393	61 341	333 305	394 646	8,2
Sør-Trøndelag	16 371	5 298	108 067	68 877	250,1	54 507	1 080 846	86 927	369 681	456 608	8,5
Nord-Trøndelag	6 686	3 916	66 155	41 964	326,1	39 632	799 411	39 010	187 194	226 204	8,7
Nordland	13 740	4 815	109 121	86 625	366,7	56 357	1 653 155	64 995	291 879	356 874	7,8
Troms	8 142	2 374	68 131	46 760	304,5	66 055	816 541	40 148	215 606	255 754	8,4
Finnmark	7 244	2 437	71 023	31 536	432,4	26 378	706 905	19 447	84 349	103 796	7,0
Svalbard	203	124	1 265	1 917		965	18 331	512	2 490	3 002	
Noreg	236 772	105 793	1 901 410	1 233 713	265,9	1 134 143	21 859 471	1 317 497	6 283 302	7 600 799	8,4

Tabell 2. Folkebibliotek etter fylke

Fylke	Utlån bøker for voksne				Totalt utlån bøker	Utlån andre medium					
	Fag	Skjønn	Totalt	Pr. voksen		Musikk	Lydbøker	Video/DVD	CD-ROM	Anna ¹	Totalt
Østfold	230 744	325 353	556 097	2,63	930 838	51 987	101 293	196 622	6 023	18 269	374 194
Akershus	426 417	515 863	942 280	2,39	1 728 949	119 775	252 802	357 077	7 476	27 955	765 085
Oslo	463 685	483 302	946 987	2,12	1 575 860	179 340	135 007	227 111	3 846	74 399	619 703
Hedmark	171 498	216 960	388 458	2,50	713 017	27 138	73 059	116 458	1 142	19 848	237 645
Oppland	159 810	223 027	382 837	2,55	691 818	17 328	74 600	126 375	6 597	15 092	239 992
Buskerud	219 846	292 575	512 421	2,58	917 078	33 618	106 419	183 572	3 718	14 287	341 614
Vestfold	290 131	320 963	611 094	3,40	1 002 669	44 418	113 629	204 405	6 762	38 946	408 160
Telemark	159 517	217 084	376 601	2,77	661 398	23 981	59 909	124 278	1 296	12 749	222 213
Aust-Agder	98 193	132 588	230 781	2,76	414 828	14 079	42 590	86 392	1 802	6 910	151 773
Vest-Agder	151 410	218 530	369 940	2,87	700 717	20 284	67 330	111 939	1 929	10 756	212 238
Rogaland	430 092	528 255	958 347	3,09	1 806 642	124 854	173 058	416 819	13 437	61 828	789 996
Hordaland	471 694	504 672	976 366	2,71	1 735 246	213 923	174 252	372 364	15 543	40 872	816 954
Sogn og Fjordane	74 540	130 874	205 414	2,42	382 478	11 565	34 836	80 160	2 261	12 822	141 644
Møre og Romsdal	150 229	277 304	427 533	2,17	822 179	16 589	71 496	146 394	3 035	13 252	250 766
Sør-Trøndelag	273 966	325 455	599 421	2,70	1 056 029	108 228	150 873	237 410	13 092	22 532	532 135
Nord-Trøndelag	101 744	170 546	272 290	2,65	498 494	14 558	58 658	89 399	5 395	8 988	176 998
Nordland	178 621	277 218	455 839	2,39	812 713	15 594	83 117	151 510	6 064	10 025	266 310
Troms	127 256	132 296	259 552	2,11	515 306	23 133	49 965	122 365	6 130	11 343	212 936
Finnmark	73 498	87 926	161 424	2,78	265 220	9 775	25 220	62 009	2 905	10 727	110 636
Svalbard	1 910	2 105	4 015		7 017	6	421	3 077			3 538
Noreg	4 254 801	5 382 896	9 637 697	2,58	17 238 496	1 070 173	1 848 534	3 415 736	108 453	431 634	6 874 530

¹ Eining som blir lånt ut sjølvstendig, tel som eit utlån.

Tabell 2. Folkebibliotek etter fylke

Fylke	Utlån alle medium				Besøk			Fjernlån	
	Utlån totalt	Utlån <i>pr. innb.</i>	Endring frå 2005 <i>pr. innb.</i>	Utlån <i>pr. årsverk</i>	Tal på besøk	Besøk <i>pr. innb.</i>	Endring frå 2005 <i>pr. innb.</i>	Tal på innlån	Innlån <i>pr. 1000 innb.</i>
Østfold	1 305 032	5,01	-3,7 %	14 274	997 976	3,83	-6,2 %	19 384	74,4
Akershus	2 494 034	4,98	-6,4 %	13 533	2 608 638	5,21	-0,2 %	28 172	56,2
Oslo	2 195 563	4,08	-5,0 %	11 458	2 487 368	4,62	-7,6 %	2 565	4,8
Hedmark	950 662	5,04	-0,9 %	13 200	807 086	4,28	-13,0 %	19 510	103,5
Oppland	931 810	5,09	-4,1 %	14 008	721 792	3,94	-9,1 %	14 103	77,0
Buskerud	1 258 692	5,13	-2,8 %	13 427	1 156 193	4,71	-2,0 %	17 380	70,9
Vestfold	1 410 829	6,35	-4,9 %	14 903	1 063 845	4,79	-5,0 %	14 447	65,0
Telemark	883 611	5,32	-4,2 %	12 494	812 262	4,89	-2,4 %	13 502	81,3
Aust-Agder	566 601	5,44	-4,3 %	13 122	549 925	5,28	-7,5 %	5 648	54,3
Vest-Agder	912 955	5,62	-4,0 %	14 475	906 255	5,58	-15,2 %	8 240	50,8
Rogaland	2 596 638	6,53	-2,7 %	17 061	2 218 656	5,58	-4,5 %	14 488	36,4
Hordaland	2 552 200	5,64	-6,8 %	15 305	2 267 725	5,01	-11,5 %	17 892	39,5
Sogn og Fjordane	524 122	4,91	-2,5 %	10 928	453 758	4,25	-7,8 %	10 117	94,9
Møre og Romsdal	1 072 945	4,38	0,3 %	12 773	867 743	3,54	1,7 %	15 534	63,4
Sør-Trøndelag	1 588 164	5,77	-1,7 %	19 079	1 671 031	6,07	-7,2 %	12 734	46,2
Nord-Trøndelag	675 492	5,25	-6,2 %	13 589	785 789	6,11	-3,6 %	11 563	89,8
Nordland	1 079 023	4,57	-4,2 %	10 905	924 897	3,91	-8,0 %	30 980	131,1
Troms	728 242	4,74	7,6 %	11 624	759 858	4,95	37,7 %	10 922	71,1
Finmark	375 856	5,15	-7,7 %	6 907	355 288	4,87	-7,7 %	7 553	103,6
Svalbard	10 555			5 864	12 265			310	
Noreg	24 113 026	5,20	-3,9 %	13 601	22 428 350	4,83	-5,3 %	275 044	59,3

